



Cathrine Haugland ynskjer velkome til Fjellhaugen søndag (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Søndag blir det skikkeleg skifest i Fjellhaugen, melder Cathrine Haugland. Då vert det siste karusellrennet denne vinteren avvikla av skigruppa i Uskedal Idrettslag. Rennet er for alle aldersgrupper og Cathrine kan lova alle som deltek fine premiar..**

Barnerennet startar som vanleg først med felles oppvarming og deretter vert det sprintrenn for dei andre aldersgruppene. For 10-åringane er det vanleg intervallstart og ikkje sprintrenn

Rennet vil gå føre seg i området rundt stadion og såleis vil publikum kunne sjå løparane i nesten heile løypa.

Dei yngste klassane går ei løype på ca. 1 kilometer medan senior og trimklassane går 1,8 kilometer i klassisk stil.

Det vil vera open kiosk denne dagen.

Alle som vil vera med i barnerennet kan melde seg på i Fjellhaugen renndagen. Dei over 10 år som vil vera med må senda ei melding til Cathrine på telefon 95 77 35 34 innan imorgon fredag..